

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudsteneste i kapellet. Gudstenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettssider under «Prestetjenesten».



Haraldsplass  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527




[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

21.05.2023

## Søndag før pinse



**Det er ikke gudsteneste i kapellet i dag, men kapellet er ope for lyttenning og ei stille stund.**


# Søndag før pinse 2023

Tekst: Joh 15,26-27

*Jesus seier:*

26 Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg.

27 Men de skal òg vitna, for de har vore med meg frå første stund.



## Usynleg advokat

Kristi himmelfart ligg bak oss. Bibelen fortel at disiplane såg Jesus forsvinne i ei sky. Nok ein gong blir dei ståande igjen åleine. Som i eit vakuum, eit mellomrom. Enno har ikkje pinseunderet skjedd. Men dei har fått eit løfte.

Spørsmåla deira var nok mange. Som når foreldre skal ut ein kveld, og borna ikkje heilt vil gje slepp. Kor skal de? Kan ikkje vi få vere med? Når kjem de tilbake? Kven skal vere hos oss? Barnevakta skal kome, og ho skal ta vare på dykk og minne dykk om oss, og om kor glad vi er i dykk, svarar foreldra.

Så går foreldra, og i det mellomrommet, etter at foreldra har gått, og før barnevakta er komen, har borna ikkje anna å lite på enn foreldra sine ord.

Mange gonger i livet kan vi kjenne på det utfordrande mellomrommet, når vi ikkje veit. Ventetida kan vere uuthaldeleg. Då er det godt å ha håpet om at det kjem nokon som vil ta vare på meg uansett kva som skjer.

Pinsedag gav Gud oss si eiga barnevakt, ein talsmann - ein advokat som står 100% ved vår side, vegleiar, trøystar og støttar oss, peikar på Jesus og talar vår sak overfor Gud, også når vi ikkje er i stand til det sjølv. Det er Den heilage ande. Usynleg som ein pust, som ein vind. Men han er der.

Det er godt å kvile i.

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest